



Dei fleste elevane framfor baroniet.

Torsdag var 45 av elevane frå Vaksenopplæringa på Husnes på skuletur til Rosendal. Elevane bur på strekningen frå Valen/Halsnøy til Neslia. For nokre av elevane var det første gong dei var til administrasjonssenteret i kommunen. I Rosendal fekk dei oppleva eit program som dei verkeleg viste interesse for.



Uskedelingane Mowlid(f.v.), Ali, Abdirisag og Mohamed rundt bordet på 2kryss.

Det var 4 besøksmål, og starten på runden skjedde ved Kvinnherad Kyrkje. Etter ein kort stopp med informasjon der, var 2kryss på Bjørke neste stopp. Her vart det eit interessant møte med denne møteplassen som også fungerer som ein svært god språkpraksisplass for nokre av elevane ved Vaksenopplæringa. Anne Gro Opheim fortalde om arbeidet på 2kryss, og mulighetene til å bruka lokala.

Etter spasertur til Steinparken, vart den interesserte gjengen losa gjennom parkeken på ein framifrå måte av Lars Børge Sæberg. Her var det også lunsj med medbrakt niste rundt dei gedigne steinborda, før det vart ein ny liten spasertur opp til Baroniet.

Baronihagen var nøye utforska og beundra før det var klart for omvisning. I tillegg var det sjølv sagt mykje fotografering utanfor slottet. Det vart ein dag som elevane gav uttrykk for at det var svært fornøgd med. Kjekke opplevingar, godt fellesskap, mykje god norsktrening både når det galt samtale og lytting, var noko dei sette pris på.



I den svært interessante Steinparken.



[Ali frå Uskedalen saman med Ayaanle frå Herøysundet utanfor baroniet.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland